

## **Postpensjonistane i Sogn og Fjordane**

**Referat frå styremøte i Førde måndag 14.02.2022**

**Møtestad: Omdelinga på Sanderplassen**

**Møtet starta kl. 11.00.**

Tilstades: Jermund Fimreite – leiar  
Osvald Olsen - nestleiar  
Anders Vosseteig - økonomiansvarleg  
Oddny Rosenlid – sekretær/medlem i aktivitetsnemnda  
John Lien – 1.varamedlem  
Grete Finnebotn – 2. varamedlem  
Hjalmar Fureli – 3. varamedlem/medlem i aktivitetsnemnda  
Anna Lunestad – leiar i aktivitetsnemnda

Fråver: Kjell Skår – styremedlem

Møteleiar: Jermund Fimreite

Referent: Oddny Rosenlid

Sakliste:       1. Åpning.  
                  2. Godkjenning av referat frå styremøte den 10.01.22.  
                  3. Årsmøte 11. mars 22.  
                  4. Datakurs medlemmar.  
                  5. Sponsing av medlemsmøte/turar.  
                  6. Ymse.

### **Sak 1.**

Jermund opna møtet med å ynskje alle velkomne. Ingen merknad til innkallinga.

### **Sak 2.**

**Ingen merknad til referatet frå siste styremøte 10.01.22**

### **Sak 3.**

Årsmøtet er tidfesta til 11. mars på Thon Hotell på Skei. Årsmelding og rekneskap blir sendt ut pr. post til alle som melder seg på til årsmøtet. Vi bør også legge det ut på Facebook-sida vår. Dersom hotellet ikkje har dansemusikk til fredagskvelden, kan Oddny spørje Rune Ness og Co. om dei kan spele.

Det har vore orientert om årsmøtet i Vestfylket nr 1-2022. Oddny har laga til og vil sende ut ei påminning med sakliste. I det skrivet vil det også vere ei melding om at medlemmer som har saker dei ønskjer å ta opp, må melde det til Jermund innan 26.2.22. Påmeldingsfristen til årsmøtet er også 26.2.22

### **Vedtak:**

**Årsmøtet går som planlagt. Vi sender ut eit ekstra skriv til medlemmene som påminning.**

#### **Sak 4**

Laget vil halde datakurs for medlemmene.

Saka vart diskutert på forrige styremøte. Slik opplæring for eldre er også aktuelt i fleire kommunar. Vi vil orientere om saka på årsmøtet.

#### **Vedtak:**

**Vi vil vente til etter årsmøtet med å arrangere kurs.**

#### **Sak 5.**

Det kan vere greitt å ha ein fast sum å halde seg til når det gjeld kor mykje ein skal sponse medlemmene med når ein avviklar medlemsmøter og dagsturar. Dette vart diskutert.

#### **Vedtak:**

**Laget sponsar kvart medlem med kr. 200,- for mat mm på dagsturar og medlemsmøter.**  
**Sponsing av andre turar blir fastsett ved kvart enkelt høve.**

#### **Sak 6.**

Hjalmar etterlyste kva fordelar ein har å legge fram når ein skal prøve å verve nye medlemmer til Postpensjonistlaget.

Fordelane kan ein finne i lagsbladet Pensjonisten i tillegg får ein medlemsbladet «Vestfylket» og får vere med på møte og turar. Det har vore mykje fråfall på medlemmer siste året, så alle må gjere ein innsats for å auke medlemstalet.

Det er utpeika ei nemnd som skal ta seg av å førebu 25-års jubileet vår som vi skal feire til hausten 2022. I nemnda er Harald Ekroll, Eldbjørg Hustveit og Bjørg Marie Dalaker. Når nemnda har arbeida med programmet, må styret få ei tilbakemelding på kva som er tenkt å ha som program på møtet. Kanskje styret kan lage ein aktivitet, m.a. lage og framføre ein sang.? Ideen kan ein spinne vidare på.

Møtet slutt kl 12.15.